



ÅRSMELDING 2019 FOR HARDANGER SKYTTARLAG

1: STYRE, STYREMØTER OG STYRESAKER I MELDINGSÅRET:

Styret:

Leiar:	Dag Skår
Nestleiar:	Arve Kolltveit
Styremedlem:	Kjetil Måkestad (leiar i ungdomsutvalet)
Styremedlem:	Åmund Kolltveit
Styremedlem:	Steinar Vik

Vararepresentant:	Andrea Kirkevold
	Harald Brække

I tillegg har fleire komitear og utval vore aktive gjennom året.

Det har vore halde 11 styremøter dette året, og styret har hatt 70 saker til handsaming. I tillegg har styret sine medlemmer vore sterkt involvert i planlegging og gjennomføring av mange store stemner og arrangement dette året, og dei har det vore særdeles mange av. Med andre ord eit ganske krevande år, men likevel både moro og gjevande, når det i alle fall etter styret sitt syn, har gått såpass bra som det har gjort.

2: ÅRSMELDING TIL SAMLAGET OG SKYTTARKONTORET

Det framgår av årsmeldinga til ovannemnde at skyttarlaget har 303 registrerte 30-skotsskyttarar fordelt på fylgjande klassar;

KL	V-73	11		
KL	V-65	10		
KL	V-55	3	Sum veteraner:	24
KL	5	9		
KL	4	5		
KL	3	10		
KL	2	17	Sum klasseførte:	41
KL	1	158		
KL	NV	6		



KL	Eldre Junior	7	
KL	Junior	12	
KL	Eldre Rekrutt	10	
KL	Rekrutt	4	
KL	NU	38	Sum rekrutteringsskyttarar: 71
KL	AG/HK416	0	

KL 1 består hovudsakleg av jegrar og andre mindre aktive, som har vore på skytebanen og skote minimum 30 skot.

3: SKYTING – SKYTERESULTAT – BRAVADANE TIL LAGET’S MEDLEMMER.

I 2019 har laget gjennomført miniatyrskyting i Strandebarm, Dalatun, i ungdomshuskjellaren på Fykse og sjølvsagt i den nye miniatyrhallen i Vangdalsåsen. Spesielt i Vangdalsåsen har det vore høg aktivitet, og det har vel vist seg ganske klart at 16 skiver – til tider har vore nødvendig. Etter at hallen vart teken i bruk i oktober 2018 har det pr. 9.november 2019 vorte skote heile 119 000 skot i hallen!!

Banesesongen har naturlegvis i si heilheit foregått på nyebanen i Vangdalsåsen, med veldig bra oppmøte heile sesongen.

Feltskyting har som i fjor vore avvikla saman med Jondal i Krossdalen. I tillegg vart både lagsmeisterskap og SM i felt skipa til og avvikla på anlegget i Vangdalsåsen, der alle finalar vart gjennomført på elektronikk.

INTERNE SKYTINGAR

Lagsmeisterskap 15m, Miniatyr.

Lagsmeisterskapet vart skipa til på miniatyrbanen i Vangdalsåsen 6-7.februar. Det møtte heile 58 deltakarar og det var svært god skyting i dei fleste klassar. Dette meisterskapet vart også nytta som generalprøve for LDKS i miniatyr, med innleiande skyting før finale til slutt med enkeltvis anvisning. Viktig – nyttig – nødvendig – spennande. Kjempekjekt var det at også mange av nybegynnarane frå skyteskulen deltok på lagsmeisterskapet.

Lagsmeistrar vart:

Klasse 3-5 : Harald Brekke med gode 347 poeng
Klasse 2 : Tore Bråten 343 poeng



Klasse 1 : Tormod Aarekol 247 poeng
Klasse EJ : Morten Øyeflaten 330 poeng
Klasse J : Joakim Øye 345 poeng
Klasse ER : Celina Utskot Bråthun 345 poeng
Klasse R : Jonas Bjørke 343 poeng
Klasse V55 : Henry Øye 347 poeng
Klasse V65 : Arne Berge 348 poeng
Klasse V73 : Johannes Skaar Bakke 345 poeng
Gratulerer til alle!

Fullstendige resultatlistene er å finne på heimesida til skytterlaget for alle skytingar.

Lagsmeisterskap i felt, 7 april i Vangdalsåsen.

Lagsmeisterskapet i felt vart lagt inn saman med samlagsstemna, som me også var tilskipar av.

Det møtte 36 skyttarar og lagsmeistrar i felt vart;

Klasse 2-5, V55+EJ : Jon Olav Bjørke 30/21 treff
Klasse J : Joakim Øye 30/27 treff
Klasse ER : Endre Økland 29/16 treff
Klasse R : Petter Kristiansen 29/12 treff
Klasse V55 : Henry Øye 27/13 treff
Klasse V65 : Arne Berge 30/29 treff
Klasse V73 : Johannes Skaar Bakke 30/27 treff
Gratulerer til alle!

Vårpremieskyting.

Me starta baneskytinga offisielt i Vangdalsåsen laurdag 27. april med tradisjonell vårpremieskyting. Tradisjonell i den forstand at **alle** hadde med premie, og **alle** fekk premie. Det møtte 39 skyttarar, og det vart vist mykje god skyting.

I tillegg til vårpremieskytinga vart det delt ut medaljer for alle eigne stemner gjennomført i 2018.

T. Neteland's pokal, 11. juni i Vangdalsåsen

Dette er ein premie som tidlegare har vore skote om av skyttarane i Norheimsund og Øystese. I statuttane er det lagt opp til skyting både på 100 og 200m med litt endringar på 10 skoten for dei som skyt på 200m. Deretter klassevis respit.

Det var 22 skyttarar som møtte opp og vinnar vart Isak Helland Måkestad som skaut 349 poeng og med 3 poeng i respit stoppa han på 352 poeng og fekk med det sin fyrste aksje i pokalen. Nr. 2 vart Arne Berge med 350 poeng og nr. 3 Oddvar Steine også han med 350 poeng.



Lovely Hannover's Minnepokal, kombinert med grillkveld 2.juli.

Minnepokalen vart gjeven av Heine og Bård Ugletveit i 2011 og fyrste gong skoten om i 2012. I år var andre gongen me skaut om pokalen i Vangdalsåsen og det møtte 29 skyttarar til dyst. Vinnar vart i år som i fjor Henry Øye med gode 296 poeng. Henry fekk med dette sitt andre napp i pokalen.

Etter skytinga kosa me oss med grillmat, som denne gongen måtte nytast innandørs, kjempetriveleg vart det likevel.

Skyting om organisasjonsmedalja, torsdag 15.august.

Me skipa til skyting om organisasjonsmedalja og det møtte 13 skyttar for å delta om denne tradisjonsrike skytinga. Mykje fin skyting vart vist, med beste resultat for Harald Brekke sine 298 poeng. Gylt medalje til Trine Flotve og sølv medalje til Kjetil Skår og Åmund Kolltveit.

Dugleiksmerket, 5.september.

I 2019 deltok 41 skyttarar i dugleiksmerkeskytinga, og 16 av desse har nådd kravet til utmerkelsar;

Anders Aalvik Stranden	ADR3	Dugl.mrk. 100 m, gull
Celina Utskot Bråthun	AD03	Dugl.mrk. 2/300m, gull
Dag Skår	AD41	Dugl.mrk. 2/300m, 8.stat.stj.
Eirik Torvik	ADR3	Dugl.mrk. 100 m, gull
Henry Øye	AD44	Dugl.mrk. 2/300m, 9.stat.stj.
Isak Helland Måkestad	ADR7	Dugl.mrk. 100 m, 2. stj.
Jonas Bjørke	ADR3	Dugl.mrk. 100 m, gull
Magne Lysen	AD38	Dugl.mrk. 2/300m, 7.stat.stj.
Olav Ludvig Håbrekke	AD41	Dugl.mrk. 2/300m, 8.stat.stj.
Ole Johannes Bakke	AD27	Dugl.mrk. 2/300m, 4.sta.st.
	1.+ Fat og Diplom	
Petter Kristiansen	ADR3	Dugl.mrk. 100 m, gull
Ronja Traa Ditmarsen	ADR3	Dugl.mrk. 100 m, gull
Sander Eide Aase	ADR7	Dugl.mrk. 100 m, 2. stj.
Stig Jarle Trefall	AD27	Dugl.mrk. 2/300m, 4.sta.st.
	1.+ Fat og Diplom	
Torkjel Bråten	ADR5	Dugl.mrk. 100 m, 3-års-mer
Torkjel Bråten	AD03	Dugl.mrk. 2/300m, gull



Lagsmeisterskap bane 200m og 100m, laurdag 7.september.

Banesesongen for Hardanger skytterlag vart formelt avslutta med lagsmeisterskap for alle klassar i Vangdalsåsen, same arrangementet var også Krinsstemne. Været var flott og myke god skyting vart det vist.

Det deltok 49 skyttarar på lagsmeisterskapet og me fekk fylgjande lagsmeistrar.

Klasse R	: Jonas Bjørke 347 poeng
Klasse ER	: Eirik Torvik 345 poeng
Klasse J	: Joakim Øye med 349 poeng
Klasse EJ	: Sander Eide Aase 313 poeng
Klasse V65	: Arne Berge med 350 poeng
Klasse V73	: Trygve Torvik 346 poeng
Klasse V55	: Henry Øye 345 poeng
Klasse JEG	: Tor Martin Sørensen 239 poeng
Klasse 1	: Amund Lid 238 poeng
Klasse 2	: Olav Ludvig Håbrekke 338 poeng
Klasse 3-5	: Harald Brekke 344 poeng, napp nr. 1 i vandrepokal

Det deltok også 2 skyttarar i klasse nybegynnar ung.

Gratulerer til alle!

Fullstendige resultatlistar er å finne på heimesida til skytterlaget for alle skytingar.

Forutan dei interne stemmene som no er nemnt har det også vore trening og skyting fleire dagar kvar veke.

Jegerskyting

Jegerutvalet har stått for avvikling av jegerprøvar i Vangdalsåsen i løpet av sommaren, og det er tilsaman ca 140 skyttarar som har gjennomført jaktprøven i skytterlaget sin regi.

Lapua cup – interne rundar.

I månadsskiftet oktober/november starta Lapua cupen opp igjen med interne rundar. Me skyt i Strandebarm og i Vangdalsåsen, Fykse er ikkje komen i gong denne sesongen. I skrivande stund er det runde 3 som står for tur. Deltakinga har vore særdeles bra, med 62 - 70 deltakarar kvar runde så langt.



Skyteskule

Ungdomsutvalet har på nytt kjørt i gong med Skyteskule i Vangdalsåsen. Dette er eit særdeles viktig tiltak og ledd i å sikre framtida for skyteaktiviteten i skyttarlaget spesielt, og auke interessa for skytesporten generelt.

Det kan tyde på at eit «positivt rykte» om anlegget vårt i Vangdalsåsen har spreidd seg i kommunen. Det var i alle fall unødvendig med annonsering dette året – lista med deltakarar var full og vel så det når ein starta opp.

Dette er ein aktivitet som krev høg innsats frå oss som tilskiparar. Veldig viktig er det derfor at ungdomsutvalet får nødvendig bistand og støtte frå øvrige medlemmer i laget for å få til ei god gjennomføring.

Det vert spennande å sjå kor mange av desse håpefulle som vert med oss utover i 2020.

OPNE STEMNER, OGSÅ TILSKIPA AV LAGET

Skyttarane i laget har vore svært aktive og reist på opne stemner, både i miniatyr, felt og banestemner heile året. I perioden 1.desember 2018 til 31.oktober 2019, har laget hatt representantar på om lag 135 stemner, og samla pengepremiar som tilfell skyttarane etter alle desse stemnene er godt og vel 140.000,-

Mange har også hevda seg svært godt og me har mange stemnevinnarar i dei fleste klassar og i alle dei 3 greinene.

Sjølve har me også skipa til fleire opne stemner dette året, kanskje med avslutninga av Norgescupen som den mest krevande.

Finale i Lapuacupen innandørs, 23.februar i Vangdalsåsen

Finalen gjekk av stabelen på den nye miniatyrbanen i Vangdalsåsen 23. februar 2019. Det var leigd inn eit film-team som filma alt som gjekk føre seg heile dagen, og litt seinare på året kom det ut ein flott video og mange stilige bilder frå finaledagen.

Under finalegjennomføringa var det storvegs innmarsj - med både musikk, lys og speaker som heldt både skyttarar og publikum med underhaldning og ekstra spenning.

Hardanger skyttarlag fekk fylgjande medaljevinnarar:

Klasse 1

3. Amund Lid, bronse medalje

Klasse 2

1. Ove Røyrvik, gylt medlaje

Klasse 3-5

2. Kjetil Skår, sølv medlaje

3. Harald Brække, bronse medalje



Klasse Rekrutt

1. Jonas Bjørke, gylt medalje

Klasse Eldre Rekrutt

2. Amalie Eide Aase, sølv medalje

3. Eirik Torvik, bronse medalje

Klasse Junior

1. Isak Helland Måkestad, gylt medalje

2. Joakim Øye, sølv medalje

Klasse Eldre Junior

1. Morten Øyeflaten, gylt medalje

Klasse V65

1. Arve E. Kolltveit, gylt medalje

Ope feltstemne, 3.mars i Krossdalen, Jondal

Stemna vart skipa til etter same mal som Strandebarm tidligare har nytta, i saman med Jondal. Det møtte 102 skyttarar, omtrent det same som foregåande år. Det er tydelig at skyttarane set pris på at det vert laga til dobbeltstemne saman med Jondal.

Dette året vann Hardanger skyttarane like godt trippelt med Kjetil Skår som bestemann med 30/21, rangert føre Oddvin Holst som vart nr. 2 og Harald Brekke med 30/17 på 3.plass.

Vidare så vann Arne Berge klasse V65 med 30/30 og Isak Helland Måkestad klasse J med 30/25.

1.mai stemna - 30.april og 1.mai

Flotte skyteforhold var det dette året og strålende deltakelse med heile 318 skyttarar, som er ny deltakarrekord.

Skikkelig moro var det også at Andreas Seilen slo til med kjempeskyting og heile 348 poeng og ny banerekord. Det må også seiast at Andreas var nærmare 349 enn 347 poeng med serien sin.

Me fekk desse klassevinnarane;

Kl. 3-5 : Andreas Seilen - 348 poeng
Kl. V55 : Alf Høysæter - 347 poeng
Kl. 2 : Kenny André Soldal - 341 poeng
Kl. 1 : Fartein Øysteinson Undertun - 246 poeng

NV : Anita Bakkane - 248 poeng
EJ : Kristoffer Tvedt Skråmestø - 345 poeng
Junior : Sebastian K Dahlberg - 349 poeng
ER : Haldor Valø - 349 poeng
Rekrutt : Jonas Bjørke - 343 poeng, einaste klassevinnaren frå Hardanger
V65 : Lars Kåre Almeland - 350 poeng



V73 : Ola Loneland - 350 poeng

Tradisjonen tru var det også 1.mai stemne i Jondal og der gjorde også eit par av våre skyttarar det svært skarpt.

I klasse 2 vann Ann-Kristing S.Bråten med 344 poeng og i klasse V55 Henry Øye med 349 poeng,

Finale Westcon Cup bane 2019

Finalen i årets Westcon Cup bane 2019 vart avvikla i Sauda 18.august. Fleire skyttarar får Hardanger skytterlag var kvalifisert, men ein god del meldte forfall.

Likevel fekk me eit par klassevinnarar, Ove Røyrvik i klasse 2 og akkurat som året før, Jonas Bjørke i klasse rekrutt.

Frende Cup runde 3, avsluttande finale i Vangdalsåsen, 31-aug – 1.september

Siste helga i august gjennomførte me det mest prestisjetunge arrangementet i Vangdalsåsen så langt. 336 skyttarar frå heile landet, med eliteskyttarane i Norge i spissen møtte til dyst for å kåre vinnaren av årets Norgescup/Fredecup.

Skyteforholda var stortsett gode heile tida, kanskje med litt utfordrande vind på fredagskvelden. Laurdag og sundag derimot, hadde gode skyteforhold.

Me var sjølvstøtt spent på om «norgeseliten» likte anlegget, og vart fornøgd med gjennomføringa me hadde lagt opp til. Tilbakemeldingane på dette var svært positive, gjennomføring heilt i tråd med opplagt tidsplan og ny banerekord ved stemnevinnar, Mette Elisabeth Finnestad, 348 poeng og 20*.

Me fekk desse klassevinnarane;

Kl. 3-5 : Mette Elisabeth Finnestad - 348 poeng (20*) ny banerekord

Kl. V55 : Harald Denstad - 347 poeng

Kl. 4 : Mette Strandlien - 344

Kl. 3 : Åmund Kolltveit - 339 poeng

Kl. 2 : Jostein Bråten - 339 poeng

Kl. 1 : Lars Erik Holstad Lilleng - 245 poeng

NV : Gry Agnethe Nybø - 242 poeng

EJ : Andreas Finnestad Lund - 345 poeng

Junior : Joakim Grimestad Krone - 350 poeng

ER : Caroline Finnestad Lund - 350 poeng

Rekrutt : Lars Sigurd Tufteland - 340 poeng

V65 : Sverre Krutnes - 350 poeng

V73 : Toralf Årdal/John Giseth Blomli - 350 poeng



Strandebarm og Hardanger miniatyren, 8-9. november 2019

Dobbelstemne i miniatyrskyting vart ein suksess i 2018 og derfor satsa me på same opplegget også i 2019. I tillegg vart det også sett opp nye vandrepokalar for samanlagtresultat på begge stemnene; 1 pokal til dei som skyt senior program, ein til dei som skyt kne og ligg, og til slutt ein til dei klassane som berre skyt liggande.

Strandebarms-miniatyren stoppa på 177 deltakarar og Hardanger-miniatyren på 205 deltakarar. Litt ned i Strandebarm og litt opp i Vangdalsåsen samanlikna med fjoråret.

I Strandebarm fekk me fylgjande klassevinnarar:

K1 NV	: Jarle Lie, Haugesund og Sveio 245
K1 1	: Amund Lid, Hardanger 244
K1 2	: Ann-Kristin S. Bråten, Hardanger 344
K1 3-5	: Ørjan Almeland Sjo, Kvinnherad 347
K1 EJ	: Joakim Øye, Hardanger 345
K1 ER	: Lauritz Ø Bjelland, Stord 349
K1 J	: Ida Seljestad Kvestad, Folgefonn 345
K1 R	: Nora Aadland Flatås, Stord 347
K1 V55	: Alf Høysæter, Tysse 349
K1 V65	: Arne Berge, Hardanger 350
K1 V73	: Magnar Molland, Sogndal 349 og Håkon Leganger, Kvinnherad 349

I Vangdalsåsen fekk me fylgjande klassevinnarar:

K1 NV	: Jarle Lie, Haugesund og Sveio 236
K1 1	: Elin Håvik, Hatlestrand og Ølve 247
K1 2	: Ove Røyrvik, Hardanger 343
K1 3-5	: Lise Margrethe Rinde, Åsane/Hordvik 348
K1 EJ	: Joakim Øye, Hardanger 336
K1 ER	: Andreas Hansen, Kvinnherad 349
K1 J	: Isak Helland Måkestad, Hardanger 348
K1 R	: Jonas Bjørke, Hardanger 347
K1 V55	: Henry Øye, Hardanger 348
K1 V65	: Arve E Kolltveit, Hardanger 349
K1 V73	: Magnar Molland, Sogndal 350

For dei nyoppsette vandrepokalane fekk me fylgjande vinnarar:

LIGGANDE	: Magnar Molland V73, Sogndal 699
KNE OG LIGGANDE	: Alf Høysæter V55, Tysse 693
SENIOR PROGRAM	: Ørjan Almeland Sjo 5, Kvinnherad 693

Finale Westcon Vintercup 2019, 24.november ved Haugesund/Sveio

Hardangerskyttarane var godt representert under Westcon Vintercup Finalen i Haugesund/Sveio.



I den yngste klassen (R) vann Jonas Bjørke med 345 poeng.
I klassen ER tok Amalie Eide Aase ein solid andre plass med 347 poeng.
Isak Helland Måkestad vart nr. 2 i junior klassen med 346 poeng.
Eldre Junior vart vunnen av Joakim Øye med gode 342 poeng.
og Sander tok tredje plassen med 328.
I V55 tok Henry Øye nok ein gullmedalje heim til Hardanger. Olav Ludvig Håbrekke sikra sølvet i klasse 2 medan Johannes Skår Bakke sørgja for ein tredje plass i V73.
Me hadde også skyttarar i alle superfinalane, og mykje god skyting vart prestert.

DFS MEISTERSKAP

Krinsstemna 15m, Miniatur.

Stemna SKAL skipast til av Hardanger skytterlag 5-6. desember 2019 i Vangdalsåsen.

Krinsstemna Felt, Jondal 16.mars.

Skodda hang nedover lia og gjorde skytinga til tider krevande. Likevel vart det levert gode prestasjonar frå laget sine skyttarar, og me enda opp med 4 krinsmeistrar.
Dette var i klasse 2-5, V55 og EJ: Kjetil Skår med 30/17, i klasse ER Endre Økland med 30/14, i klasse junior Joakim Øye med 30/14 og i klasse V65 Arne Berge med 30/27.

Krinsstemna Bane, Vangdalsåsen laurdag 7.september

Krinsstemna skulle eigentleg vore på Varaldsøy, men nokre utfordringa med banen der gjorde at stemna vart skipa til av oss i Vangdalsåsen. Vareld tok seg imidlertid av gåvepremie innsamlinga.

Laget sine skyttarar gjorde det svært godt og vann alt som var å vinna, utanom klasse 1 og V73.

Følgjande vart krinsmeistrar:

Rekrutt : Jonas Bjørke, 347.
ER : Eirik Torvik, 345
J : Joakim Øye, 349. Hardanger skyttarane vann forøvrig 4-dobbelt denne klassen.
EJ : Sander Eide Aase, 313.
V55 : Henry Øye, 345.
V65 : Arne Berge, 350.
V73 : Torleif Storhaug, 349.



Jeger : Tor Martin Sørensen, 239.
Klasse 1 : Camilla Djuvsland, 243.
Klasse 2 : Olav Ludvig Håbrekke, 338
Klasse 3-5 : Harald Brekke, 344
Stang : Chris André B. Fauske 20 treff (eo med Harald Brekke)

Alle 3 lagskytingane vart vunne av våre skyttarar:

For ungdommane skaut Celina Utskot Bråthun (99), Endre Økland (99) og Isak Helland Måkestad (98), til saman 296.

For veteranane skaut Arne Berge og Henry Øye. Dei stoppa på 198 poeng.

På senior laget skaut Chris André B. Fauske (91), Trine Flotve (98) og Harald Brekke (99), totalt 288.

Tradisjonen tru, så inneheld også krinsstemna skyting om A.Tveiten sin pokal. Svært tett vart det mellom Joakim Øye og Harald Brekke, men Harald var best på rangering og fekk dermed sitt 3.napp og pokalen til odel og eiga.

Samlagsstemna 15m, miniatyr. Ullensvang skytterlag, Lofthus 9 - 10.februar.

Mange frå Hardanger skytterlag hadde teke turen til Lofthus og me fekk heile 7 samlagsmeistrar og ein klassevinnar;

Dette var:

R : Jonas Bjørke, 344
ER : Celina Utskot Bråthun, 348
J : Isak Helland Måkestad, 346
EJ : Sander Eide Aase, 320
1 : Tormod Aarekol, 249
V55 : Henry Øye, 346
V65 : Arne Berge, 348
3-5 : Andrea Kirkevold, 345, rangert føre Kjetil Skår som også hadde 345.

Veldig kjekt at Andrea Kirkevold, som skyt i klasse 4, slo alle 5.klassingane og vart samlagsmeister!

Samlagsstemna Felt, skipa til av Hardanger skytterlag 7.april i Vangdalsåsen.

78 skyttarar, likt fordelt på fin- og grovfelt, konkurrerte i strålende vårver i det fyrste feltstemnet ever, i skytterlagsregi i Vangdalsåsen.

Den gjevaste tittelen kapra arrangørlagets Jon Olav Bjørke, då han vart samlagsmeister i kl 2-5, V55, EJ etter solid skyting, både innleiande og i finalen.



Samlagsmeistrar:

kl 2-5,V55,EJ : Jon Olav Bjørke, Hardanger 41/07
kl 2 : Jostein Bråten, Hardanger 37/04
kl V55 : Henry Øye, Hardanger 39/05
kl V65 : Arne Berge, Hardanger 42/11
kl V73 : Johs Skaar Bakke, Hardanger 42/07
kl R : Kristine Solheim Wikane, Jondal 41/05
kl ER : Amalie Eide Aase, Hardanger 40/07
kl J : Marius Klette, Voss 36/05
Stang : Harald Brekke, Hardanger 22 treff
Lagskyting ungdom. Hardanger 1 86/39 (Endre Økland 29/16, Jonas Bjørke 27/06, Isak H Måkestad 30/17)
Lagskyting veteran: Hardanger 1: 60/56 (Arne Berge 30/29, Johs S Bakke 30/27)
Lagskyting senior: Jondal 88/49 (Harald Kvåle 29/19, Bjørnar Wikane 29/09, Liv Sollesnes 30/21)

Samlagsstemna Bane i Jondal laurdag 25.august.

Årets samlagsstemne gjekk av stabelen i Jondal og me fekk 3 samlagsmeistrar. Dette var; Eldre Rekrutt:

Endre Økland vart samlagsmeister med 348 poeng. Han fekk NAMMO-medalje med diplom. Torkjel Bråten og Amalie Eide Aase hamna på 2. og 3. plass og fekk kvar si ungdomsmedalje

Junior:

Isak Helland Måkestad vart samlagsmeister med heile 350 poeng! Han vann medalje og diplom men fekk i tillegg Dag Midthun's Krus.

Klasse 2:

Per Harald Røyrvik med 343.

Vidare vart det 2.plassar på Jonas Bjørke i rekrutt og Harald Brekke i klasse 3-5.

I tillegg til enkeltprestasjonane i laget, tok Hardanger sigeren i 2 av 3 lagskytingar.

Laga bestod av fylgjande skyttarar:

Ungdom : Endre Økland, Amalie Eide Aase og Joakim Øye.

Senior : Dag Skår, Trine Flotve og Harald Brekke

Hordastemna miniatyr, Vangdalsåsen 9-10.februar 2019

Fyrste landsdelsstemna som nokon gong har vore skipa til i miniatyr i Hordakretsen, gjekk av stabelen i Vangdalsåsen 9-10.februar 2019.

Me hadde lagt opp til at alle veteranklassar skaut innleiande skyting i Strandebarm, medan øvrige klassar skaut innleiande 25skot i Vangdalsåsen Deretter vart alle finalar òg samlagsskytingar avvikla i Vangdalsåsen. Dette gjekk aldeles glimrande og stemne gjekk



heilt etter tidsplanen, og med verdige vinnarar i alle klassar. Med andre ord ei prikkfri gjennomføring av ein særdeles dyktig arrangementsstab.

Resultatmessig gjekk også stemna særst bra for oss som tilskipar og me fekk hordameistrar i klasse rekrutt ved Jonas Bjørke, 343 poeng (heile 7 poeng før nr. 2), klasse junior ved Isak Helland Måkestad, 346 poeng og i tillegg vann Tormod Aarekol klasse 1 med 249 poeng.

Harald Brekke vart også nr. 3 i senior med 345 poeng. Han var 2 poeng bak historiens fyrst landsdelsmeister i miniatyr i Hordakretsen, Lise Margrethe Rinde som stoppa på 347 poeng.

Det møtte 266 skyttarar på stemna.

Hordastemna felt, Åsane/Hordvik 27-28.april

Laget hadde 16 deltakarar med under årets Hordastemne i felt. Mykje god skyting vart det vist, og heil 12 skyttarar hadde kvalifisert seg til finale. Trass mange i finalar greidde ingen av våre skyttarar å gå heilt til topps.

Nærmast kom Arve E Kolltveit i V65 og Asbjørn Hestad i V73, som begge enda på 2. plass i sine klassar med 42/9 som sluttresultat. Steinar Vik hadde også 42/9, men vart rangert bak etter omskytingar. Elles så fekk Magne Lysen (40/4) og Jon Olav Bjørke (39/6) stjerner.

På lagskytinga til veteranane vart det også 2.plass på Arve og Asbjørn.

Hordastemna bane. Fikse 15-16. juni 2019.

Laget hadde fleire skyttarar som «låg an» til å få topplasseringar i sine klassar - men det heldt ikkje heilt inn, berre nesten.

Dei som var nærmast var Ann-Kristin Bråten i klasse 2 og Arne Berge i klasse V65, begge med gode 2.plassar.

I klasse 2 skaut også Jostein Bråten ein framifrå omgang, og enda som nr 3. Det same gjorde Steinar Vik i klasse V65, han låg an til å vinne heile greia, men ein 9,8 på siste skotet medførte at han måtte ta til takke med ein hederleg 3.plass.

Vidare så gjorde også Joakim Øye sine saker bra i junior klassen, 100poeng på omgangen gav likevel «berre» ein 5. plass med samme poengsum som vinnaren i ein knalltøff juniorklasse.

Må også gratulere Chris Andre Fauske med ei strålende plassering, medalje og 5.plass i klasse 3-5 med 341 poeng, kjempeflott.



Vestlandsstemna bane/felt. Førde og Gaular 6-7 juli.

Det var ein heller liten gjeng på 5 skyttarar som tok turen over Sognefjorden for å vera med på Vestlandsstemna.

På same viset som i fjor klinka Arne Berge til og vart vestlandsmeister på feltskytinga. Arne hadde 30/29 innleiande og med 12/9 i finalen vart det siger. Kjempeflott og me gratulerer.

På banen låg også Arne godt an med 250 innleiande. Men 3 taparar på omgangen gav ikkje noko topp plassering på banen.

Landskyttarstemna på Evje, 2-9.august.

Dette året måtte me til Evje for å vere med på det høgdepunktet som landsskyttarstemna er. Det var påmeldt heile 46 skyttarar frå Hardanger skyttarlag, og med det var det kun eitt anna skyttarlag som hadde fleire deltakarar enn oss. Imponerende!

Etter kvart som dagane gjekk på Evje, skulle det også vise seg å verte ei veke med særdeles gode prestasjonar av skyttarane frå Hardanger skyttarlag.

På banen hadde me 14 skyttarar som fekk skyte finale.

Det var fleire av desse 14 som låg særst godt an innledningsvis, men det klaffa ikkje heilt på finaleskytinga, bortsett då for Trine Flotve og Dag Skår blant seniorane. Dei enda høvesvis på 343 og 342 poeng. Dette gav stjerne på begge to. Ingen av våre øvrige skyttarar fekk medalje eller stjerne på banen, dog bør det nemnast at med ein sentrumstiar istadenfor niar på siste skotet i finalen, hadde Arne Berge skote oppatt om 2.plassen i klasse V65.

På felten hadde me heile 16 skyttarar som fekk skyte finale.

Største prestasjonen blant seniorane stod Trine Flotve for, ho enda på sjetteplass, fekk DFS sølvbeger og nest beste kvinne. Trine skaut tolv treff, med heile sju innertreff i finalen, berre ein innertreff frå omskyting om sigeren. For dette fekk ho også feltmedalje. Oddvin Holst, Dag Skår og Åsne Skår fekk kvar si stjerne for sine plasseringar mens Chris André Fauske sikra seg feltmedalje etter tolv treff i finalen.

Den aller største prestasjonen på årets landsskyttarstemne stod V73 skyttaren Asbjørn Hestad for. Etter 30 treff innleiande, slo han til med 12/10 i feltfinalen klasse V73. Det medførte omskyting om tittelen mot Magnar Molland frå Sogndal. Asbjørn vann omskytinga på ein overbevisande måte og er altså NORGESMEISTER i felt klasse V73. Med dette sikra Asbjørn Hardanger skyttarlag den 2. NORGESMEISTER TITTELEN til laget på 2 år. Fantastisk moro og dei aller største GRATULASJONAR til Asbjørn for denne prestasjonen.

Blant feltfinalenedeltakarane må det også nemnast at Jonas Bjørke i klasse rekrutt med 11/9



i finalen kun var eit lita hårsbreidd frå å gå heilt til topps i klasse rekrutt.

Utover Asbjørn sin norgesmeister tittel og Trine sitt sølvbeger, var nok den største prestasjonen i laget samlagsskytinga til Harald Brekke. På Hardanger og Voss sin tredje etappe skyt Harald Brekke 100 poeng og 7 sentrum på grunnlag sitt! Med denne prestasjonen vart Harald landets beste samlagsskyttar og fekk Forsvarssjefens premie.

Arrangøren på Evje stod for eit flott arrangement, og med slike strålande resultat frå skyttarane våre vart dette ei veke for historiebøkene. Det vert svært krevande å oppnå noko liknande i Elverum til neste år.

Skyttarlaget gratulerer alle vinnarane med utmerkingane, og resultatata på Landskyttarstemna i Evje.

ANDRE AKTIVITETER OG DRIFT AV LAGET.

Sjølvs om det ikkje har pågått noko større byggeprosjekt i 2019, har året likevel vore temmeleg så hektisk, som fylgje av høg aktivitet på arrangement og aktivitetssida.

PROSJEKTER.

Tidlig i januar utvida GBS Entreprenør parkeringsplassen til full størrelse. Dette er eit arbeid som SU for Vangdalsåsen skulle utført, men skyttarlaget har forskotert arbeid og kostnad, fordi me såg behov for ein utvida parkeringsplass og ynskte den på plass til LDKS i miniatyr.

I januar vart det også gjennomført full oppgradering til optiske skiver på miniatyrbanen i Strandebarm. I tillegg vart anna nødvendig vedlikehald utført, blant anna maling. Alt saman utført på dugnad av lagets medlemmer. Strålande innsats!

DRIFTA ELLES AV LAGET.

Slik det alt er nemnt ovanfor har det ikkje vore byggeprosjekt i 2019, men særdeles høg aktivitet både på arrangement sida og i bruken av anlegget i Vangdalsåsen, forøvrig. Styret tykkjer dette er svært kjekt, men samtidig og naturlegvis også, ganske krevjande for alle laget sine tillitsvalde.

I starten av året gjennomførte med vareteljing på Extra i Øystese. 21 flittige medlemmer utførte dugnaden som gav kr. 20 000,- i inntekter til laget. Dette kjem vel med, og håpet og tanken er at dette kan gjentakast. Neste teljing for Extra i Øystese er alt sett til 29.desember 2019.



Anlegget i Vangdalsåsen har i løpet av året vore besøkt/brukt av fleire skuleklassar, både i Strandebarm og Tørvikbygd. Fleire av våre sponsorar og samarbeidspartnarar har også nytta anlegget både til bedriftsarrangement og andre sosiale aktivitetar. Dette er Lingalaks, Kvam Kraftverk, Kvam herad, Kvam vidaregåande skule, Idrettsskulen og Grannehjelpe. I tillegg har det vore både konfirmasjonar, dåp og andre festlege samkomer i Vangdalsåsen.

I januar hadde anlegget besøk av DFS sin anleggsavdeling, inklusive representantar frå NSF og NJFF. Årsaken var eit uttalt mål frå nemde organisasjonar om å fokusere på sikkerheit, sikkerheitskontrollar og instruksar. Vangdalsåsen vart såleis fyrste anlegget som vart gjennomgått i så måte. Samstundes hadde me også besøk av Ullensaker skyttarlag, i høve at dei skal bygge seg nytt skytebaneanlegg og ynskte å sjå korleis me har gjort det, og om mulig hauste erfaringar frå vårt arbeid. Pt kan me fortelje at Ullensaker har fått utarbeidd teikningar og dei kjem til å bygge eit nesten identisk anlegg. Tilsvarande arbeider også Lillehammer skyttarlag med.

I mai hadde me også besøk av spelemiddelansvarlig i Hordaland fylke, Bjørg Larsen, som saman med Jon Nedkvitne og Reidun B Kjosas å Kvam herad fekk omvisning på anlegget. Alle anlegga i Vangdalsåsen vil få bortimot 10mill i spelemidlar når dei er ferdige. Både fylke og kommune var særdeles godt nøgd med arbeidet som var gjort, og Bjørg nytta kameraet sitt flittig for å kunne fortelje andre «kva som er mulig å få til».

Styret har også dette året etablert ordningar for ammunisjonsstøtte og andre typar av støtte til laget sine medlemmer. Me snakkar om omlag kr. 200 000,- som vert tilbakeført til laget sine medlemmer i 2019. Dette kan eine og aleine gjennomførast fordi styret har fått på plass sponsor- og samarbeidsavtalar av likande verdiar i løpet av året. Det som styret imidlertid ikkje har kome i hamn med er ein «prestasjonsretta» støtteordning. Me håpar dette kan la seg gjere i 2020, og at dette då kan og vil spore til ytterligere treningsinnsats og gode prestasjonar blant fleire av våre medlemmer.

21.november var alle våre samarbeidspartnarar og støttespelarar invitert til sponsortreff i Vangdalsåsen. Over 50% av bedriftene møtte opp og vårt inntrykk er at dei set stor pris på dette tiltaket og den informasjonen dei der mottar. Årets vinnar av skytekonkurransen blant bedriftene vart Sparebanken Vest. Forøvrig er denne samkoma behørig kommentert på laget si FB side.

Ein svært dyktig festkomite hadde ansvar for opplegg og planlegging av årets skyttarfest, som gjekk føre seg i Vangdalsåsen 19.oktober. Det møtte om lag 60 gjester og stemningen var særdeles god. Ein kveld som utvilsomt freista til gjentakelse, meiner styret.

Vidare så har fylgjande også vorte arbeidd med og mykje av dette er også gjennomført i løpet av 2019;

- Adgangskontrollsystemet er på plass, med adgangskort til dei som ynskjer det
- Feltarena i Vangdalsåsen er diskutert. Det er feltutvalet si oppgåve å arbeide



vidare med dette.

- Prosedyrer for bruk av anlegget (elektronikken) er etablert.
- Regelverk for utdeling av medaljer til stemner i regi av vårt skytterlag er også etablert.
- Laderom er laga og ladeutstyr er kjøpt inn og montert på loftet i skytterhuset. Prosedyre for bruk er laga og opplæring gitt til dei som har hatt behov for dette.
- Hjertestartar er kjøpt inn og montert i myldrehallen.
- Vegen inn til skytebanene er grusa. Dette er ein kostnad som skal delast mellom alle laga i Vangdalsåsen.
- Rampe for tømning av caravan/bobil toaletter er sett opp ved renseanlegget.
- Brakker ved 200m er rydda og eldre elektronikk materiell er selt til andre skytterlag som ynskte å nyttiggjere seg dette.

Hardanger skytterlag har også i 2019 inngått samarbeidsavtale med Kvam Vidaregåande Skule om instruktør bistand og opplæring av fleire elevar som har skyting som toppidrett på skulen. Dette er ein milepæl og noko me håper å kunne vidareutvikla ytterligare i åra som kjem.


Også dette året har fleire av våre medlemmer vore på kurs i regi av DFS. Dette tykkjer styret er veldig positivt.

Me håpar på at skyttarane trivst i Hardanger skytterlag og er innstilt på å også gjere ein innsats det komande året, 2020, då me også skal ha fleire store arrangement med Vestlandsstemna i felt og bane definitivt i spissen.


Styret vil med dette få takke alle skyttarane og medlemene for sesongen og innsatsen i 2020, og ynskjer vel møtt og lukke til med neste sesong.


Vangdalsåsen 26.11.2019


Dag Skår
Leiar


Arve Kolltveit
Nestleiar


Kjetil Måkestad
Styremedlem


Steinar Vik
Styremedlem


Åmund Kolltveit
Styremedlem